

Eigarstyring og selskapsleiing

Rekneskapspliktige som har utstedt verdipapir notert på regulert marknad i Noreg, skal i årsrapporten eller i dokument det er henvist til i årsrapporten, gjere greie for prinsipp og praksis angående foretaksstyring. Dette gjeld etter verdipapirhandelloven § 5-4 og rekneskapslova § 3-3b. SFE sine obligasjonar er notert på ABM og følgjeleg er ikkje SFE omfatta av dette regelverket. Frå og med 2014 rapporterer SFE etter IFRS International Financial Reporting Standards og planlegg å ta opp obligasjonslån notert på Oslo Børs.

Når det gjeld eigarstyring og selskapsleiing har Sogn og Fjordane Energi AS basert seg på tilråding om eigarstyring og selskapsleiing utarbeidd av Norsk utval for eigarstyring og selskapsleiing. Denne tilrådinga gjeld primært for børsnoterte selskap. SFE har likevel beslutta at tilrådinga skal legast til grunn så langt det er praktisk mogleg og hensiktsmessig for selskapet.

| KAP | TILRÅDING FOR EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING | STATUS ¹ | MERKNADAR |
|----------|--|---------------------|--|
| 1 | UTGREIING FOR EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING | | |
| | Styret skal sjå til at selskapet har god eigarstyring og selskapsleiing. | + | Styret har vedteke å følgje prinsippa for god av eigarstyring og selskapsleiing, men har også bestemt at ein skal følgje dei så lenge dei er tenlege for selskapet og tilpassa SFE sine rammevilkår. |
| | Styret skal i årsrapporten eller i dokument som det er vist til årsrapporten gje ei samla utgreiing for selskapet si eigarstyring og selskapsleiing. Redegjørelsen skal omfatte kvart enkelt punkt i tilrådinga. Dersom denne tilrådinga ikkje er følgt, skal det forklarast. | + | Dokumentet er lagt ut på selskapet si heimeside, www.sfe.no |
| | Styret bør klargjere selskapet sitt verdigrunnlag, og i samsvar med dette utforme retningslinjer for etikk og samfunnsansvar. | + | |
| 2 | VERKSEMD | | |
| | Selskapet si verksemd bør tydeleggjerast i vedtektene. | + | |
| | Innan ramma av vedtektene bør selskapet ha klare mål og strategiar for verksemda si. | + | |
| | Føremålsparagrafen i vedtektene og selskapet sine mål og hovudstrategiar bør gå fram av årsrapporten. | + | Informasjonen er lagt ut på selskapet si heimeside, www.sfe.no |
| 3 | SELSKAPSKAPITAL OG UTBYTTE | | |
| | Selskapet bør ha en eigenkapital som er tilpassa mål, strategi og risikoprofil. | + | |
| | Styret bør utarbeide en klar og forutseieleg utbyttepolitikk som grunnlag for dei utbytteframlegg som fremjast for generalforsamlinga. Utbyttepolitikken bør gjerast kjent. | + | Generalforsamlinga fastsette i 2008 ein langsiktig utbyttepolitikk som inneber utbetaling av 70% av årsresultatet. |
| | Forslag om at styret skal få fullmakt til å dele ut utbytte, bør vere grunngeve. | - | |
| | Styrefullmakt til å foreta kapitalauke bør avgrensast til definerte formål. Skal styrefullmakt dekke fleire formål, bør kvart formål handsamast som eiga sak i generalforsamlinga. Styrefullmakt bør ikkje bli gitt for eit tidsrom lenger enn fram til neste ordinære generalforsamling. Tilsvarende gjeld styrefullmakter til kjøp av egne aksjar. | + | Det er ikkje gitt styrefullmakt til å gjennomføre kapitalauke. |
| 4 | LIKEBEHANDLING AV AKSJEIGARAR OG TRANSAKSJONAR MED NÆRSTÅANDE | | |
| | Selskapet bør ha berre ein aksjeklasse. | - | Industrikonsesjonslova sine vilkår med ulike reglar for offentlege og private eigarar gjer det naudsynt med 2 aksjeklasser for ikkje å utløyse uønska heimfall av kraftanlegg. |

¹ + = gjennomført, - = ikkje aktuell/ikkje gjennomført

| | | | |
|----------|---|---|--|
| | Dersom eksisterande aksjeeigarar sin fortrinnsrett ved kapitalauke fråvikast, skal det forklarast. Dersom styret vedtek kapitalauke med fråvik av fortrinnsrett på bakgrunn av fullmakt, bør grunngjevinga kunn-gerast i børsmelding i samband med kapitalauken. | + | |
| | Ved ikkje uvesentlege transaksjonar mellom selskapet og aksjeeigar, aksjeeigar sitt morselskap, styremedlem, leiande tilsette eller nærståande av desse, bør styret sjå til at det ligg føre ei verddivurdering frå ein uavhengig tredjepart. Dette gjeld ikkje når generalforsamlinga skal behandle saka etter reglane i allmennaksjelova. Uavhengig verddivurdering bør ligge føre også ved transaksjonar mellom selskap i same konsern der det er minoritetsaksjonærar. | + | Aksjelova § 3-8 og 3-9 regulerer transaksjonar mellom selskapet og aksjeeigarar. Uavhengig vurdering synest berre relevant ved ekstraordinære transaksjonar med omsyn til beløp eller avtaler utanfor selskapet si vanlege verksemd. |
| | Selskapet bør ha retningslinjer som sikrar at styremedlemmer og leiande tilsette melder frå til styret dersom dei direkte eller indirekte har ein vesentleg interesse i ei avtale som inngåast av selskapet. | + | Nedfelt i styreinstruksen om inhabilitet |
| 5 | FRI OMSETNAD | | |
| | Selskapet sine aksjar skal i prinsippet vere fritt omsettelege. Det bør derfor ikkje vedtektsfestast nokon form for avgrensing i omsetning av aksjane.. | + | Det er nedfelt fri omsetjelegheit av aksjane i selskapet si aksjonæravtale med dei avgrensingar som følgjer av punkt 4 om heimfall. Det er forkjøpsrett for aksjonærane. |
| 6 | GENERALFORSAMLING | | |
| | Styret bør legge til rette for at flest mogeleg av aksjeeigarane kan utøve sine rettar ved å delta i selskapet sin generalforsamling, og at generalforsamlinga blir ein effektiv møteplass for aksjeeigarar og styret, mellom anna ved å sjå til at: Innkalling og saksdokument til generalforsamlinga, inkludert valkomitéen si innstilling er tilgjengelege på selskapet sine heimesider seinast 21 dagar før generalforsamlinga | + | SFE følgjer vedtektene og aksjelova sine reglar med frist for innkalling/sakspapir på 14 dagar. Det vert i tillegg gjennomført eigarmøter med drøfting av aktuelle tema. Saksdokument for generalforsamling blir lagt på selskapet si heimeside. |
| | Saksdokumenta skal vere utførlege nok til at aksjeeigarane kan ta stilling til alle saker som skal handsamast | + | |
| | Påmeldingsfristen settast så nær møtet som mogeleg | + | Det er ikkje påmeldingsfrist for deltaking på generalforsamling. |
| | Styret og den som leier møtet bør legge til rette for at generalforsamlinga får mogelegheit til å stemme på kvar enkelt av kandidatane til verv i selskapet sine organ. | + | |
| | Styret, valkomiteen og revisor er til stades i generalforsamlinga | + | Styret, valkomite og revisor får innkalling. |
| | Det ligg føre rutinar som sikrar en uavhengig møteleiing i generalforsamlinga | + | SFE følgjer aksjelova § 5-12; styreleiar opnar generalforsamlinga og generalforsamlinga vel møteleiar. |
| | Aksjeeigarar som ikkje kan være til stades på generalforsamlinga bør gjevast mogelegheit til å stemme. Selskapet bør gje informasjon om framgangsmåten for å møte ved fullmektig, oppnemne ein person som kan stemme for aksjeeigarane som fullmektig, utarbeide fullmaktskjema, som så vidt som mogleg, vert utforma slik at det stemmast over kvar enkelt sak som vert handsama og kandidatar som skal velgjast. | + | |
| 7 | VALKOMITÉ | | |
| | Selskapet bør ha ein valkomité, generalforsamlinga bør velje leiaren og medlemmer for komiteen og bør fastsette godtgjersla for den. | + | |
| | Valkomite bør ha kontakt med aksjeeigarar, styremedlemmane og konsernsjef i arbeidet med å foreslå kandidatar til styret. | + | |
| | Valkomité bør vedtektsfestast. Generalforsamlinga bør fastsette nærare retningslinjer for valkomiteen. | + | |
| | Valkomiteen bør samansettast slik at omsynet til aksjonærfellesskapet sine interesser blir ivarettatt. Fleirtalet i valkomiteen bør vere uavhengig av styret og øvrige leiande tilsette. Minst eit medlem av valkomitéen bør ikkje vere medlem av bedriftsforsamlinga, representantskapet eller styret. Maksimalt eitt medlem av valkomiteen bør vere styremedlem og bør då ikkje stille til attval. Døgleg leiar eller andre leiande tilsette bør ikkje være medlem av komiteen. | + | Selskapet har ikkje bedriftsforsamling, sjå punkt 8. |
| | Valkomitéen fremjar forslag til kandidatar til bedriftsforsamling og styre og honorar for medlemmene av desse organa. | + | Selskapet har ikkje bedriftsforsamling, sjå punkt 8. Dette er også regulert i instruks for valkomitéen sitt arbeid |
| | Valkomitéen si innstilling bør grunngjevast. | + | Det er utarbeidd eigen instruks for valkomitéen sitt arbeid. |

| | | | |
|-----------|---|---|--|
| | Selskapet bør informere om kven som er medlemmer av komiteen og legge til rette for at aksjeeigarane kan foreslå kandidater overfor komiteen. | + | |
| 8 | BEDRIFTSFORSAMLING OG STYRE, SAMANSETTING OG UAVHENGIGHEIT | | |
| | Bedriftsforsamlinga bør samansettast med sikte på brei representasjon av selskapet sine aksjeeigarar. | - | Konsernet har inngått avtale med dei tilsette sine organisasjonar om tilsette sin representasjon i konsernstyret og dotterstyra utan etablering av bedriftsforsamling. |
| | Styret bør settast saman slik at det kan ivareta aksjonærfellesskapet sine interesser og selskapet sitt behov for kompetanse, kapasitet og mangfold. Det bør takast omsyn til at styret kan fungere godt som eit kollegialt organ. | + | Styret har jamnleg eigenevaluering. |
| | Styret bør samansettast slik at det kan handle uavhengig av særinteresser. Fleirtalet av dei aksjeeigarvalde medlemmene bør vere uavhengige av selskapet si daglege leiing og vesentlege forretningspartar. Minst to av dei aksjeeigarvalde medlemmene bør vere uavhengige av selskapet sine hovudaksjeeigarar. | + | Val av styremedlemer er regulert i aksjonæravtale med bakgrunn av størrelsen på eigardelen, og skal sikre brei representasjon frå aksjeeigarane mellom dei aksjonærvalde medlemene i styret. Det er utarbeidd eigen instruks for valkomiteén som regulerer framlegg til samansetning av styre. |
| | Representantar frå den daglege leiinga bør ikkje vere medlem av styret. Dersom slike representantar er styremedlem, bør det forklarast og få konsekvensar for organiseringa av styret sitt arbeid, mellom anna bruk av styreutval for å bidra til ein meir uavhengig førebuing av styresaker, jfr punkt 9. | + | |
| | Styret sin leiar bør velgast av generalforsamlinga om allmennaksjelova ikkje krev at vedkommande skal velgast av bedriftsforsamlinga eller av styret, som følgje av ei avtale om at selskapet ikkje skal ha bedriftsforsamling. | + | Er regulert i selskapet sine vedtekter inklusive val av nestleiar i selskapet si generalforsamling. |
| | Styremedlemmer bør ikkje velgast for meir enn to år av gangen. | + | Er regulert i selskapet sine vedtekter. |
| | I årsrapporten bør styret opplyse om deltaking på styremøtene og om forhold som kan klargjere styremedlemmene sin kompetanse. I tillegg bør det opplyst kva styremedlemmer som vert vurdert som uavhengige. | - | Informasjon om deltaking på styremøte og opplysningar om styremedlemmene sin kompetanse vert lagt ut på selskapet si heimeside. |
| | Styremedlemmer bør oppfordrast til å eige aksjar i selskapet. | - | Ikkje aktuelt i SFE grunna konsesjonsmessige forhold, vedtekter og aksjonærsamansetning. |
| 9 | STYRET SITT ARBEID | | |
| | Styret bør fastsette ein årleg plan for arbeidet sitt med særleg vekt på mål, strategi og gjennomføring. | + | Styret har vedteke styreinstruks og møteplan. |
| | Styret bør fastsette instruksar for styret og for den daglege leiinga med særleg vekt på klar intern ansvars- og oppgåvefordeling. | + | |
| | For å sikre ei uavhengig handsaming av saker av vesentleg karakter der styreleiar sjølv er eller har vore aktivt engasjert, bør eit anna styremedlem leie diskusjonen i slike saker. | + | |
| | Større selskap skal etter allmennaksjelova ha revisjonsutval. Det samla styret bør ikkje fungere som selskapet sitt revisjonsutval. I tillegg til lova sitt krav om samansetning av revisjonsutvalet mv., bør fleirtalet av medlemmene i utvalet vere uavhengig av verksemda. | + | |
| | Styret bør vurdere bruk av kompensasjonsutval for å få ei grundig og uavhengig handsaming av saker som gjeld godtgjersle til leiande tilsette. Slik utval bør vere satt saman av styremedlemmer som er uavhengige av leiande tilsette. | - | Styret finn det ikkje naturleg å sette ned kompensasjonsutval, men det er utarbeidd eigne retningslinjer for godtgjersle til leiande tilsette |
| | Styret bør informere om eventuell bruk av styreutval i årsrapporten. | - | Siste år har det ikkje vore nedsatt styreutval. |
| | Styret bør evaluere sitt arbeid og sin kompetanse årleg. | + | |
| 10 | RISIKOSTYRING OG INTERN KONTROLL | | |
| | Styret skal sjå til at selskapet har god intern kontroll og hensiktsmessige system for risikostyring i høve til omfanget og arten av selskapet si verksemd. Internkontrollen og systema bør også omfatte selskapet sitt verdigrunnlag og retningslinjer for etikk og samfunnsansvar. | + | |
| | Styret bør årleg gjennomføre ein gjennomgang av selskapet sine viktigaste risikoområder og den interne kontroll. | + | |

| | | | |
|-----------|--|---|---|
| 11 | GODTGJERSLE TIL STYRET | | |
| | Godtgjersle til styret bør reflektere styret sitt ansvar, kompetanse, tidsbruk og verksemda si kompleksitet. | + | |
| | Godtgjersle til styret bør ikkje vere resultatavhengig. Opsjonar bør ikkje utdelast til styremedlemmer. | + | SFE har ikkje opsjonsprogram. |
| | Styremedlemmer, eller selskap som dei er tilknytte, bør ikkje ta på seg særskilte oppgåver for selskapet i tillegg til styrevervet. Dersom dei likevel gjer det, bør heile styret være informert. Honorar for slike oppgåver bør godkjennast av styret. | + | |
| | Dersom det har vore gitt godtgjersle utover vanlig styrehonorar, bør det spesifiserast i årsrapporten. | + | |
| 12 | GODTGJERSLE TIL LEIANDE TILSETTE | | |
| | Styret bør fastsette retningslinjer for godtgjersle til leiande tilsette i høve til lona. Retningslinjene leggst fram for generalforsamlinga. Styret si erklæring om leiarløn bør vere i eit eige saksdokument til generalforsamlinga. Det bør vere opplyst kva retningslinjer som skal vere veileidande for styret og eventuelt kva som skal vere bindande. Generalforsamlinga bør stemme separat over kvar av retningslinjene. | + | Styret får ved regulering av løn til konsernsjef oversikt om løn i samanliknbare stillingar i bransjen. |
| | Retningslinjene for fastsetjing av godtgjersle til leiande tilsette bør angi hovudprinsippa for selskapet sin leiarlønnspolitik. Retningslinjene bør bidra til samanfallande interesser mellom aksjeeigarane og leiande tilsette. | + | Løn til konsernsjef og leiande tilsette går fram av note til rekneskapen. |
| | Resultatavhengig godtgjersle til leiande tilsette i form av opsjons-, bonusprogram eller liknande, bør knytast til verdiskaping for aksjeeigarane eller resultatutvikling for selskapet over tid. Slike ordningar, mellom anna opsjonsordningar, bør vere prestasjonsretta og forankra i målbare forhold som den tilsette kan påverke. Det bør settast eit tak på resultatavhengige godtgjerslar. | + | SFE har ikkje opsjonsprogram. |
| 13 | INFORMASJON OG KOMMUNIKASJON | | |
| | Styret bør fastsette retningslinjer for selskapet sin rapportering av finansiell og anna informasjon basert på openheit og under omsyn til kravet om likebehandling av aktørane i verdipapirmarknaden. | + | |
| | Selskapet bør årleg publisere oversikt over datoer for viktige hendingar som generalforsamling, publisering av delårsrapporter, opne presentasjonar, utbetaling av eventuelt utbytte med meir. | + | |
| | Informasjon til selskapet sine aksjeeigarar bør leggst ut på selskapet sin internettside samstundes som den sendast til aksjeeigarane. | + | |
| | Styret bør fastsette retningslinjer for selskapet sin kontakt med aksjeeigarar utanfor generalforsamlinga. | + | |
| 14 | OVERTAKING AV SELSKAP | | |
| | Styret bør utarbeide hovudprinsipp for korleis det vil opptre ved eventuelle tilbod om overtaking. | - | Styret vurderer det slik at problemstillinga sjeldan vil vere relevant og har derfor ikkje utarbeidd hovudprinsipp. |
| | I ein situasjon der det føreligg eit tilbod om overtaking, bør styret og leiinga ha eit sjølvstendig ansvar for at aksjeeigarane vert handsama likt og at ikkje verksemda vert unødig forstyrta. Styret har eit særskilt ansvar for at aksjeeigarane har informasjon og tid til å kunne ta stilling til bodet. | + | |
| | Styret bør ikkje utan særlege grunnar forsøke å forhindre eller gjere det vanskeleg for nokon å komme med eit tilbod på selskapet si verksemd eller aksjar. | + | |
| | Avtale med tilbydar om å avgrense selskapet sin moglegheit til å framskaffe tilbod på selskapet sine aksjar bør berre inngåast når det er openbart at det kan grunnjevast med med at det er i selskapet og aksjeeigarane si felles interesse. Det same gjeld avtale om kompensasjon til tilbydar om tilbudet ikkje vert gjennomført. Eventuell kompensasjon bør avgrensast til dei kostnadane tilbydar har med å framsette tilbudet. | + | |
| | Avtaler mellom selskapet og tilbydar som er vesentleg for markedet si vurdering av tilbudet, bør gjerast offentleg seinast med melding om at tilbudet vil bli framsatt | + | |
| | Dersom det vert satt fram eit tilbod på aksjane i selskapet, bør ikkje selskapet sitt styre utnytte fullmakter om emisjon eller treffe andre tiltak med formål å hindre gjennomføringa av tilbudet, utan at det er gokjent av generalforsamlinga etter at tilbudet vart kjent. | + | |

| | | | |
|-----------|--|---|--|
| | Dersom det kjem eit bod på selskapet sine aksjar, bør styret gje ein uttale med ei tilråding om aksjeeigarane bør akseptere eller ikkje. I styret si uttale om tilbodet bør det gjerast kjent om vurderinga er samrøystes og om ikkje, på kva grunnlag enkelte medlemmar av styret har motsegn til styret si uttale. Styret bør innhente ei verdivurdering av ein uavhengig sakkjyndig. Verdsettinga bør grunnjevast og offentleggjerast saman med styret si uttale. | + | |
| | Transaksjonar som i realiteten inneber avhending av verksemda, bør vedtakast av generalforsamlinga, bortsett frå i dei tilfeller der desse vedtaka etter lova skal treffast av bedriftsforsamlinga. | + | |
| 15 | REVISOR | | |
| | Revisor bør årleg legge fram for styret hovudtrekka i ein plan for gjennomføring av revisjonsarbeidet. | + | Lagt fram for revisjonsutvalet. |
| | Revisor bør delta i styremøte som handsamar årsrekneskapen. I møta bør revisor gjennomgå eventuelle vesentlege endringar i selskapet sine rekneskapsprinsipp, vurdering av vesentlege rekneskapsestimat og alle vesentlege forhold der det har vore usemje mellom revisor og administrasjonen. | + | |
| | Revisor bør minst ein gang i året gjennomgå med revisjonsutvalet selskapet sin interne kontroll, herunder identifiserte svake sider og forslag til forbetringar. | + | |
| | Styret og revisor bør ha minst eitt møte i året utan at dagleg leiar eller andre frå den daglege leiinga er til stades. | + | |
| | Styret bør fastsetje retningslinjer for den daglege leiinga sin tilgang til å nytte revisor til andre tenester enn revisjon. | + | |
| | I ordinær generalforsamling bør styret orientere om revisor sin godtgjersle fordelt på revisjon og andre tenester. | + | Framgår av noteopplysning til rekneskapen. |